



Etablering av ein 3-årig Bachelorutdanning på handverk, design og entreprenørskap



Figur 1 Paris, Fotograf Trond Ueland

NØKKELDATA

Støttemottakar og ansvar

Føretak	Høgskulen i Sogn og Fjordane
Kontaktperson	Ivar Offerdal
Adresse	Postboks 133, 6851 SOGNDAL
Telefon	+47 57 65 61 00
E-post	Ivar.offerdal@hisf.no
Internett	www.hisf.no

Prosjektperiode med programstøtte - status

	<u>Dato</u>	<u>Ferdig (x)</u>
Oppstart - plan	Vår 2008	X
Avslutning - plan	Vår 2009	

PROSJEKTEIGAR

Høgskulen i Sogn og Fjordane

SKILDRING AV PROSJEKTET

Høgskulen ynskjer å få utgreidd mulegheita av å etablera eit næringsretta 3 – årlig handverksstudium i Sogndal med vekt på design og entreprenørskap. Ei faggruppe bestående av høgskulelektorane Katrine Tufta og Hege Gjerde har utarbeidd ei skisse til ny studieplan. Planen tar utgangspunkt i ein metode der samarbeidet mellom høgskulemiljø og lokale samfunn og –verksemdar.

Metoden har særleg vore nytta i USA m.a. på "Haywood Community College" i North Carolina, som høgskulen ved fleire høve har vitja. Her får

deltakarane i tillegg til fagleg innføring i fagområda tre, metall, tekstil og leire, hjelp til å etablera eigne arbeidsplassar. Entreprenørskap er ein viktig del av studiet. Dei har utvikla eit sterkt fagmiljø som samspekar godt med lokalmiljøet, og studiet har ført til ei oppblomstring av kunst – og kunsthandverkarar i regionen som tilbyr sine varer og tenester. Det er etablert mange nye arbeidsplassar innan kunst og kunsthandverk, og dette har vorte ei viktig profilering for regionen som genererer mange tilreisande og auka omsetning i regionen.

MÅL I PROSJEKTET

Målet i forstudien er å utarbeide ein studieplan og få den handsama og godkjent i Høgskulestyret. Hovudmålet er å etablere ein 3 årlig studium i handverk, design og entreprenørskap

STATUS

Det er utarbeidd ei prosjektskisse til studieplan. Denne vil bli lagt fram for leiinga i høgskulen nokså raskt.

FORVENTA RESULTAT

Utover måla i forstudien om ei avgjersle om realisering av oppstart av ei 3 årlig studium, tenkjer seg følgjande resultat av sjølve studiet:

- gjev nye entreprenørielle mulegheiter i arbeidslivet
- utvikla merkevare for kvalitetsprodukt
- auka skatteinntekter på sal og produksjon
- erstattar nedlagt vareproduksjon, jordbruk og tradisjonelle industriarbeidsplassar

ORGANISERING

Arbeidet med forstudien vert gjennomført av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ei realisering av eit slikt studium set elles krav til samarbeid med kommunale næringsapparat, Innovasjon Noreg og Kunnskapsparken, for å kunna tilrettelegga eit slikt tilbod i regionen/fylket. Fylkeskommunen vil òg måtte spele ei viktig rolle

FRAMDRIFTSPLAN

Legge fram skissa til vurdering hos rektor, avgjersle internt, deretter drøfte med vidaregåande skule som har tilsvarande liner